

UWC Røde Kors Nordisk er ein internatskule for 200 elevar i alderen 16-19 år, frå meir enn 80 ulike land. Elevane gjennomfører eit to-årig studieprogram - International Baccalaureate (IB) Diploma. Skulen starta opp i 1995 og er mellom anna finansiert av offentlege midlar frå dei nordiske landa, og ligg idyllisk plassert ved Flekkefjorden i Fjaler kommune på Vestlandet.

Skulen har omlag 65 tilsette og har to datterselskap, UWC Connect AS og Verdsgrenda Eigedom AS. UWC Connect har ansvar for andre aktivitetar som mellom anna leirskule, sommarleirar og som vertskap for ulike grupper som kjem for å oppleve det unike miljøet på skulen. Verdsgrenda Eigedom AS eig og forvaltar bygg på eigedomen.

Reinhaldar – ledig 100 % fast stilling med tilsetjing snarast

Som reinhaldsmedarbeidar ved UWC RCN er du nøyaktig og flittig, likar å starte tidleg om morgonen og oppteken av å ha det kjekt på arbeid saman med gode kollegaer.

UWC Røde Kors Nordisk er eit unikt miljø og på ein unik stad. Du vil neppe finne liknande miljø med slik variasjon i mangfald, utfordringar og interessante oppgåver. Vi er eit fleirkulturelt samfunn, der alle har eit ansvar for studentane og gjestane si velferd, utdanning og opplæring, og der vi jobbar tett i lag. Dette kan til tider vere krevjande, men er samtidig veldig gjevande.

Arbeidsområde

Som reinhaldar på UWC utøver du daglege reinhaldsoppgåver åleine eller i lag med dei andre i avdelinga. Du fyller også ut reinhaldslistar, vaskar moppar og anna utstyr og kommuniserer gjerne med studentar og kollegaer. Teamleiar og Operational Service Manager (OSM) er dine næraste leiarar.

Arbeidsoppgåver

- Utføre dagleg og periodisk reinhald etter oppsett vaktplan
- Ta imot varer og sengetøy
- Vaske moppar, klutar og anna utstyr
- Internkontroll og rapportering av avvik

Kvalifikasjonar

- Gjerne erfaring som reinhaldar, men dette er ikkje eit krav
- Førarkort er ein fordel (vi brukar elbil for å ta oss rundt på Campus)
- Norsk er arbeidsspråk i kvardagen, men sidan vi er ein internasjonal skule må ein også kunne kommunisere noko på engelsk

Personlege eigenskapar

- Interesse for reinhaldsfaget
- Ynskje å vere del av eit team som er ein særskilt viktig del av skulen
- Ha god struktur og like og evne å jobbe sjølvstendig og i team
- Ha høg integritet og kan trivast med arbeid i eit dynamisk miljø med elevar og tilsette med ulik kulturell og etnisk bakgrunn, jamfør UWC sine verdier og misjon

Kva kan vi tilby?

- Ein strukturert arbeidskvardag med høve til ulike kurs og eigenutvikling
- Løn etter KS tariff
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- Tilgang til Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter sine basseng og treningsrom
- Tilgang til ulike utandørsaktivitetar, organisert gjennom skulen

Dersom du er nysgjerrig på denne stillinga og ynskjer å finne ut om dette kan vere noko for deg, vil vi svært gjerne at du sender ein søknad eller at du kontaktar oss.

Dersom du ynskjer å sende søknad og CV, gjer du dette ved å sende e-post til: appointments@uwrcrn.no

Ynskjer du å ta ein prat med oss fyrst, kan du kontakte OTL (Operational Team Leader)

Fredrik Gustafsson på tlf. **476 70 833**, eller **fredrik.gustafsson@uwrcrn.no**

Søknadsfrist er 9. juni, med tilsetjing snarast.

Ein må legge fram Politiattest som ikkje er eldre enn tre månadar før ein kan ta til i stillinga.